

LINDÅS KOMMUNE
POSTMOTTAK
KVERHUSMYRANE 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
25. 08. 2014	
Ark. sett/titt	Løpnr.
Søkn. nr.	Thyngningsnr.

Deres ref:
Vår ref: 2014/188876
Dato: 22.08.2014
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

PÅVIST PÆREBRANN I LINDÅS KOMMUNE

Mattilsynet oppmodar alle grunneigarar, både private og offentlege, til å rydde lett mottakelige vertsplanter frå eigen eigendom.

Plantesyjukdommen pærebrann (*Erwinia alomyvora*) er for første gang påvist i Lindås kommune. Sjuke planter er registrert både i Knarvik, i Alvermarka, på Lygra og i Kolåsfeltet. Mattilsynet reknar med at sjukdommen er spreidd i heile kommunen.

Pærebann er ein bakteriesjukdom som gir vising i vertsplanter i rosefamilien. I Norge har vi først og fremst sett store skader i ulike mispelartar med bulke- og pilemispel som dei mest mottakelige. I Bergensområdet, der sjukdommen har vore etablert ei stund, ser vi at den breier seg til andre planteslag som photinia og krypmispel.

Det vil ikkje blir gjennomført ein offentlig ryddeaksjon for å fjerne sjuke planter i Lindås kommune. Til det er smitten for utbredt og omfanget av vertsplanter for stort. Mattilsynet oppmodar derfor hageeigarar og offentlege etatar til å fjerne lett mottakelige planter frå eigen eigedom. Dersom sjuke planter får stå vil dei representere ei kjelde for spreiding av smitten til friske planter i nabolaget.

Mattilsynet inviterer til eit informasjonsmøte på Knarvik kai tirsdag 26. august kl 12.00 der representantar frå Mattilsynet vil orientere om angrepa i Lindås, vise infiserte plantingar og svare på spørsmål.

For meir informasjon om pærebrann - sjå faktaark:
http://www.mattilsynet.no/planter_og_dyrking/planteskadegjorere/bakterier_og_fytoplasma_i_planter/paerebrann/fakta_om_paerebrann.381

Kontaktperson :

Seniorrådgiver Brita Toppe, Region Hordaland og Sogn og Fjordane telefon 48254298
Inspektør Tone Constance Martinessen, Distriktskontoret for Bergen og omland telefon 95997706

Med hilsen



Aslaug Sandvin
distriktssjef



Tone Constance Martinessen
førsteinspektør